

ÅRSPLAN



En ring av gull
en riktig stor med plass til alle hender
Der ingen er størst, der ingen er minst.
Der ingen er først, der ingen er sist.
Vi holder fast så alle kjenner,
at ringen er smidd av gode venner

SIRLIHAUGEN

BARNEHAGE

2018/2019

INNHALDSLISTER

Innleiing.....	side 2
Felles aktivitetar	side 3
Hovudtema	side 4
Tema og fagområde	side 7
Dagsrytme	side 9
Nasse Nøff	side 10
Ole Brum	side 11
Tigergutt	side 13
Heffalompklubb	side 15
Tilsette barnehageåret 2018-2019	side 16

INNLEIING

Då er vi godt inne i eit nytt barnehage år, og håper alle har funne seg til rette på nye avdelingar og som ny i barnehagen.


Det som styrer arbeidet vårt er Rammeplan for barnehagen. Det er også laga ein lokal rammeplan for Herøy kommune. Ut i frå desse har vi utarbeida ein verksemndsplan som er styrande for arbeidet vårt. Den er laga for ei 4 års periode. Kvart år lagar vi ein felles årsplan på huset, og dette er arbeidsreiskapen til dei vaksne samtidig som det er utgangspunkt for samarbeidet med foreldra. Planen er lagt opp slik at der er ein liten felles del først, og så har kvar avdeling sin del. Den avdelingsvise biten går på det som er spesielt på kvar avdeling og korleis dei vil jobbe med temaet som er felles for alle. Sosial kompetanse er satsingsområde denne 4 års perioda, og evalueringa frå i fjor tilsei at måla vi sette oss då må vi jobbe vidare med i år. Derfor er ein del av planen ganske lik fjaråret.

I forhold til den lokale rammeplanen så er det fagområda Natur, Miljø og Teknikk og Antall, rom og form som er satsingsområde dei neste 2 åra.

No håper vi på eit kjekt og lærerikt år for alle saman der vi kan leve opp til visjonen vår:

«Sirlihaugen barnehage, ein trygg god start”

Fosnavåg 09.10.18
Bodil Karin Kvalsund
-dagleg leiar-



Lokale kulturaktivitetar

Barnehagen er ein viktig kulturarena, jf. verksemdsplanen side 19. I den forbindelse deltek vi også i ulike lokale kulturaktivitetar som t.d, teater, kino, vi er på jule og påskevandring i kirka, og vi deltek på lesestunder på biblioteket.

Felles aktivitetar

Sirlihaugen barnehage består av tre ulike avdelingar, Tigergutt som har dei eldste barna, Ole Brum der dei mellomste barna går og Nasse Nøff der dei aller minste går. Avdelingane må jobbe på ulike måtar fordi behova er forskjellige. Men vi har også eit sterkt ønske om å jobbe for fellesskapet. Vi vil at barna skal kjenne seg trygge på tvers av avdelingane. Vi vil at dei skal få verte kjent med dei andre barna og vaksne «på huset». Vi vil vere med å skape felles opplevingar for alle, og har derfor organisert ulike områder der fellesskap og glede står i fokus:

- **Korøving:**

Kvar tirsdag har vi korøving i amfitrappa vår på kjøkkenet. Klubbarane bakerst og Nasse Nøfferane dansar fremst. Masse songglede, gjenkjennelse og fellesskap. Korøvingane startar 09.30 for dei som har komt, og varer ca. 15 minutt. Veldig kjekt å høyre korsongen Ijome gjennom barnehagen.

- **Fellessamling**

Det er alltid kjekt å møtast på fellesrommet til samling. Vi kjem til å ha fellessamlingar når vi startar på ein ny figur i Vennebyen. Når vi nærmar oss jul prøver vi å samlast ein gong i veka til felles adventsstund.



HOVEDTEMA: SOSIAL KOMPETANSE

Denne 4 års perioda jobbar vi med sosial kompetanse som tema.

Dette er eit tema som vi jobbar med kvart år i barnehagen, men vil ha ekstra fokus på det desse åra

Løvelova er ein viktig del av programmet «Være saman» (sjå verksemensplan) I år har vi valt å ta utgangspunkt i denne når vi set mål for året.

LØVELOVA :

*Kan du løveloven?
jeg skal være meg,
men gi plass til andre
slik at de blir seg,
bry meg om en
annen,
hjelpe når jeg kan.
Slik blir livet bedre
For barn i alle land.*

*Ser du en som
plages?
Det er ikke bra!
Alle må stå sammen
Om å si i fra
Alle barn på jorden
Har den samme rett
Til å være trygge
Og til å være sett.
Eivind Skeie*



Kan du løvelova, eg skal være meg: Kva vil det seia å være «meg»? Sjølvkjensle er eit ord som kan være vanskeleg å forstå. Vi tenkjer at det handlar om å lære barna å sjå at akkurat «eg» er verdifull og at «eg» har ein viktig plass i fellesskapet. For å styrke barna si sjølvkjensle kan vi vaksne hjelpe med å gi anerkjenning, god vegleiing, ros, ansvar ut frå utvikling og evner, sjå barna og sist, men ikkje minst, gje barna omsorg og kjærleik.

MÅL: Borna skal ha tru på seg sjølv, føle seg unike og vite at dei er gode nok akkurat som dei er!

Men gi plass til andre, slik at dei er seg: Ein viktig del av det med at «eg skal være meg» er at det også handlar om å gi plass til andre. Alle barn er ulike, og for at ei barnegruppe skal fungere godt, må alle barn få «skine»! Vi må balansere våre eigne behov med andre sine behov, og dette kan være vanskeleg for både barn og vaksne. Dette er ei kompetanse vi får bruk for gjennom heile livet. Når vi bryr oss om andre øver vi oss på å ta den andre sitt perspektiv og forstå kva den andre personen opplever. Her er det viktig at dei vaksne oppmuntrar og roser barn som viser empati og medføeling! På denne måten lærer vi også noko om oss sjølv.

MÅL: Hjelpe barna å vise omsorg og empati med andre menneske.


Bry meg om ein annan, hjelpe når eg kan, slik blir livet betre for barn i alle land:

Å hjelpe, eller å bry seg om ei annan, handlar om å gjere noko for den andre utan å forvente noko tilbake. Dette kan vi gjøre på mange måtar. I kvardagen kan vi for eksempel oppfordre dei større barna til å hjelpe dei mindre når vi kler på oss i garderoba eller hente ein voksen om eit anna barn treng hjelpe. Vi kan også hjelpe på eit globalt nivå ved at vi arrangerer foreldrekafe, der inntekta går til ein innsamlingsaksjon, eit fadderbarn eller anna.

MÅL: Hjelpe barna å bry seg om andre, både dei som dei har nært innpå seg og dei som treng det ute i den «store vide verda». For å klare dette må vi nokre gongar sette våre eigne behov litt til sides.

Ser du ein bli plaga? Det er ikkje bra ! Alle må stå saman om å sei i frå! Alle barn på jorda har den same rett til å være trygge og til å vere sett: Den nye rammeplanen seier at barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik. Den seier også at vi skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi og om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje opp. Dette krevjar vaksne som er til stades og får med seg det som skjer, både ute og inne, i barnehagen. Vi må snakke med barna om kva som er akseptabel åferd, slik at ikkje negative samspelsmønster får utvikle seg. Vi må hjelpe barna til å respektere andre og til å regulere si eiga åferd. Og sist, men ikkje minst, må dei vaksne være gode rollemodellar, som sjølv visar respekt og omsorg for både små og store i barnehagen.

MÅL: Alle skal være inkludert i fellesskapet og føle samhøyrigheit eller venskap.





Som ei hjelp i arbeidet med sosial kompetanse så vil vi jobbe med Vennebyen. Vennebyen er ei norsk animasjonsserie for barn i alderen 2-6 år. Historiene er inspirert av barns fascinasjon for uthukningsetatane og handlar om dei tre rekruttane «Apa» i politiet, «Elfie» i brannvesenet og «Ted» i ambulansetenesta. Vennebyen fokuserer på grunnleggande verdiar som vennskap, samarbeid og toleranse. I tillegg er læring om dei tre nødetatane og deira verdiar ein viktig del av innhaldet.

Her vil vi ha fellessamlingar om dei ulike figurane og bruke det vidare i arbeidet på avdelingane. Vi vil lære oss mange av songane som høyrer til og vi vil drage inn dei ulike uthukningskøyretøya, etterkvart som dei dukkar opp i lag med figurane ☺



TEMA OG FAGOMRÅDA I RAMMEPLANEN

I temaet sosial kompetanse vil vi ha element fra alle fagområda på ulike måtar.

Kommunikasjon, språk og tekst

Gjennom temaet sosial kompetanse vil vi bruke bøker, songar, bilete, media o.a., som ei kjelde til estetiske opplevingar, samtaler og som inspirasjon til fabulering. Vi vil oppmuntre barna til å bruke språket for å uttrykkje kjensler, ønske og erfaringar, til å løyse konfliktar og til å skape positive relasjoner i leik og anna samvær. Vi skal også gjennom arbeidet med sosial kompetanse bidra til at borna får utforske og utvikle språkforståinga og språkkompetansen sin. Vi ynskjer å invitere til ulike typar samtalar der borna får fortelje, undre seg, reflektere og stille spørsmål

Kropp, rørsle, mat og helse

Gjennom dette temaet ynskjer vi at borna skal utvikle forståing og respekt for sin eigen og andre sin kropp og for at alle er forskjellige. Vi vil prøve å legge til rette for trygg og utfordrande kroppsleg leik og aktivitet for alle, uavhengig av kjønn og kroppsleg, psykiske og sosiale føresetnadar, både ute og inne. Vi vil at barna skal få være fysisk aktive, og oppleve glede gjennom meistring og fellesskap. Vi ynskjer at barna skal verte trygge på sin egen kropp, få ei positiv oppfatning av seg sjølv, og verte kjende med sine eigne følelsar

Kunst, kultur og kreativitet

Gjennom å arbeide med sosial kompetanse både gjennom formingsaktivitetar, musikk, song, dans og drama vil vi legge til rette for at barna får styrke sin kulturelle identitet og sitt personlige utsyn. På denne måten får barna bruke fantasi, kreativ tenking og skaparglede. Vi vil legge til rette for at barna har dagleg tilgang til bøker, bilete, utstyr til å kle seg ut med og rikelig, variert materiale og verktøy for skapande verksemnd

Natur, miljø og teknikk

Eit viktig punkt når det gjeld årets tema er omsorg for andre, og vi vil gje barna ei gryande forståing av kor viktig berekraftig utvikling er. Under dette fagområde inngår kjærleik til naturen og forståing for samspelet i naturen og mellom menneske og naturen. Vi vil bidra til at barna utvikler respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen, dyr og dyreliv, I tale og handling, på turar i nærområdet, og gjennom litteratur og aktivitetar vil vi prøve å fremje ei forståing for berekraftig handling..

Mengd, rom og form

Barn er tidleg opptekne av tal og teljing, dei utforskar rom og form, argumenterer og er på jakt etter samanhengar. Gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar barna matematisk kompetanse. Vi kan tilby barna materiell som gir barna erfaring med klassifisering, ordning, sortering og samanlikning. I forhold til temaet sosial kompetanse kan vi her ha fokus på dette når vi for eksempel spelar spel, skal dele, samarbeide om borddekning og regelleik der ein må telje og samarbeide.

Etikk, religion og filosofi

Noreg er i dag eit fleirkulturelt samfunn. Barnehagen skal reflektere og respektere mangfaldet som er representert i barnegruppa, samtidig som han skal ta med seg verdiar frå kristen og humanistisk arv og tradisjon. Vi vil gjennom temaet sosial kompetanse arbeide for at barna utviklar interesse og respekt for kvarandre, og at dei forstår verdien av likskapar og ulikskapar i eit fellesskap. Alt dette uavhengig av den kulturelle og religiøse eller livssynsmessige tilhøyrsela. Dette kan vi oppnå gjennom å legge til rette for opplevingar, undring, ettertanke og gode samtalar. Eit anna viktig punkt her vil være å hjelpe barna i konfliktsituasjonar til å finne konstruktive løysingar.

Nærmiljø og samfunn

Her vil vi at barna skal erfare at alle menneske i barnehagen, uavhengig av alder, kjønn og føresetnad, inngår i og bidreg til barnehagefellesskapet. Vi er alle viktige! For å oppnå dette må vi arbeide med likestilling mellom gutter og jenter og sørge for at begge kjønna får varierte utfordringar og like mykje merksemrd. Vi må også sørge for at barna utvidar forståinga om kulturelle likskapar og skilnader og arbeide for eit inkluderande miljø som motverkar mobbing og rasisme.

Hvis man altid har det sjovt,
så mærker man ikke, at man
har det sjovt. Derfor skal man
også kede sig en gang imellem.

/Alfons Åberg



Newsner

DAGSRYTME

OLE BRUM OG TIGERGUTT

(06.45)07.15 Barnehagen opnar
07.15 – 08.45 Frukost
07.15- 09.30 Frileik

09.30 Frileik
Aktivitet / Tur
Samling

11.15 – 12.00 Handvask
Måltid
Toalett
Påkledning
12.15 - Uteleik
14.15 Ettermiddagsmåltid

17.00 Barnehagen stenger

NASSE NØFF

(06.45)07.15 Barnehagen opnar
07.15-08.45 Frukost
07.15-09.30 Frileik inne, gjerne med Spontane samlingsstunder
09.30 Samling / aktivitet
Påkledning og utelek / tur
11.00 Bleieskift og Handvask
11.15 Lunsj
11.45 Legging
14.00 Ettermiddagsmåltid
Frileik inne eller ute



Avdeling Nasse Nøff 0-2 år



Barnehagen sin visjon «Ein trygg god start» er på mange måtar beskrivande for denne avdelinga. Her møter dei alle fleste Sirlihaugborna barnehagelivet for første gong, og mange førstegongsaktiviteter skjer her. Prosessane er viktige - startane, kjennskap, utforsking og kreativitet.

Det alle viktigaste på småbarnsavdelinga er å dekke primærbehova til borna. Det å få mat og stell og søvn, og mykje omsorg og kjærleik . Tilvenning og tilknyting er viktig, både i starten av barnehageåret, men også resten av året. Det å vinne tilliten til borna, og å bygge gode relasjoner til dei må jobbast med kontinuerleg. Vi må møte borna der dei er, vere nær og til stades. Vi vaksne skal i hovudsak vere på golvet ilag med borna, for å sjå kvart enkelt born og oppmunstre, hjelpe og støtte. Vi skal vere tilgjengelege med eit fang til kvile, kos og trøyst. Borna kommuniserer med lyder, blikk og kroppsspråk, og det er viktig at vi kan bekrefte og sette ord på det dei erfarer.

Song og musikk appellerer godt til dei aller fleste born, og dette er noko vi set høgt på Nasse Nøff, både i spontane og planlagde songstunder og på kor. Borna gynger og dansar med, kjerner igjen songar, gjer bevegelsar med hendene og syng etter kvart med.

Eksperimentering med maling og ulike formingsaktiviteter, leik med vatn, enkle hinderløyper der ein må bruke kroppen og turar i ulikt terreng og miljø er også aktivitetar på månedsplansen vår. Ikkje for å prestere noko, skape eit produkt eller vere så eller så flink, men for å utforske og øve og prøve.



Sosial kompetanse er tema også på Nasse Nøff. Her vil vi vere med å legge grunnlaget og gi borna ei gryande forståing av kva det er. Vi vil oppmuntre borna til empati - å vere gode med kvarandre, trøyste, dele og hjelpe kvarandre. Vi vil også sette fokus på dei ulike kjenslene sint, lei seg, glad, overraska og redd. Vi vil rose og applaudere borna ved gode gjerningar og oppmuntre til godheit og hjelpsomheit i konfliktsituasjonar, samt vere gode rollemodellar sjølve. I tillegg så skal vi også verte kjent med Regnbueløva som vil at alle skal ha det bra, og som oppmunstrar oss til å dele og hjelpe.

Temaet Vennebyen har allereie slått godt an. Borna synger, nynnar og dansar med til musikken, og synst det er kjekt med bamsane/figurane Apa, Ted og Elfie. Vi blir med på fellessamlingane og repeteerer og igjenforteller historiene på vår enkle måte. Utrykkingskøyretøy med blålys og sirener er også populære innslag. Temaet gir felles erfaringar og referansepunkt som gir utgangspunkt for språkstimulering, leik, latter og forming.

Eittåringar og toåringar har ulike behov, og dei eldste treng andre utfordringar og har meir glede av enkelte aktivitetar. Derfor vil det av og til verte opplegg som er øyremerkte dei eldste på gruppa. Dette gjeld spesielt no på hausten. Dei eldste vil også vere ein del på besøk på Ole Brum for å verte kjent med born og vaksne der, slik at dei er litt meir forberedt til overflyttinga etter jul.

Etter jul ønsker vi seks nye eittåringar velkommen på Nasse Nøff. Det gler vi oss til.

Ole Brum 2-4 år

På Ole Brum er vi 12 barn denne hausten. Det er fire barn som er fødde i 2014, og det er åtte barn som er fødde i 2015. Vi er fem vaksne som er saman med denne herlege gjengen. Gruppa vil verte endra i januar. Då vil det være barn fødde i 2015 og 2016, og det vil verte nokre endringar i personalgruppa.



Barna er små, så vi arbeider mykje med at dei skal verte meir sjølvstendige. Vi legg til rette for potte/do-trening, at barna skal mestre påkledning og på verte sjølvstendige under måltida. Dette krevjar vaksne som er til stades, og kan gje ei hjelpende hand når det trengst.

Vi øver også på å dele, rydde og på å hjelpe kvarandre.

Samlingsstunder

Dei fleste dagar i veka har vi samlingsstunder på avdelinga. Desse vil være kl.10. Her syng vi og fortel korte fortellingar. Innimellom har vi «Venneby-samlingar», men vi vil også bruke «Være sammen», årstidas songar, eventyr og rim og regler om einannan. Det er så kjekt for oss vaksne å sjå den gleda og innlevinga barna har på samling. Vi vil også i år ha stort fokus på sosial kompetanse.

Vi vil ha «Vennebyen» musikken lett tilgjengeleg, slik at vi kan ta denne i bruk. Vi ser allereie at barna syng med og dansar når vi sett musikken på. Vi har også bamsar av hovudkarakterane: Apa, Elfie og Ted som vi vil bruke både på samlingar, på avdelinga og kanskje på turar.

Det vil også verte fellessamlingar med temaet «Venne-byen», jul og påske. I forkant og etterkant av dei månadlege fellessamlingane vil vi snakke med barna om kva vi kan/har opplevd på samlingane. Frå erfaring veit vi at samlingane kan gjere stort intrykk på barna, så dette er særskilt viktig.

Gruppedeling

Vi delar barna inn i mindre grupper når dette kan late seg gjere. Dette gjer vi fordi det kan være lettare å bygge gode relasjoner i mindre grupper, og det gir meir ro i barnegruppa. Mindre grupper gir også leiken betre grobotn, og det gir barna ro til å fordjupe seg i det dei held på med. Det er viktig at dei vaksne er til stades i leiken, hjelper barna inn i leik med andre og utvidar leiken saman med barna.

Vi delar også inn i mindre grupper når vi går tur. Vi går korte og lengre turar i barnehagens nærområde, og vi legg vekt på at barna sjølv skal kunne gå. Vi vaksne er parat med ein hand å halde i, oppmuntring eller trøyst om det trengst. Vi legg også vekt på at det skal være nok vaksne til stades slik at vi har god tid til å undre oss over det vi møter på vår veg.



Det vil også verte turar til biblioteket i løpet av barnehageåret. Biblioteket arrangerer høgtlesing, der bileta i bøkene dei les kjem opp på storskjerm. Barna på Ole Brum bruker å synes dette er spennande. Her vil vi også dele barna inn i mindre grupper. På denne måten vert barna kjent med det lokale biblioteket, og kan oppleve gleda ein kan finne i bøkene.

Andre aktivitetar

Vi har høve til å bruke «Heffalomptoppen». Her kan vi være ute, eller bruke hyttene om vi har lyst til det. Her ligg det verkeleg til rette for å trenre både grov og finmotorikk. Dette er ein plass som barna yndrar å være. Vi kan leike med vatn, gå på oppdagingsferd eller berre sitje på trappa å nytte utsikta.

Vi har også i år mulegheit til å bruke gymsalen på Borga. Her har vi stor plass til å boltre oss på, vi kan lage hinderløyper, klatre og ha ei aktiv stund i lag.

I løpet av veka vil vi ha forskjellige formingsaktivitetar på avdelinga. Vi malar, klipper, limer, leiker med plastilina mm. Vi vil også trekke inn temaet vårt i desse aktivitetane.

Vi vil aktivt bruke dans og musikk på avdelinga. Både songane frå «Være sammen» og Vennebyen vil bli brukt. Vi kan lytte, danse og synge med. Songane frå «Være sammen» er gode å bruke når det gjeld å sette ord på kjensler og i Vennebysangane vert vi kjende med karakterane og med korleis utrykningstjenestane fungera.



*Et lite barn
en liten hånd
som strekkes opp
Det knyttes bånd
Nye dager, nye under
gjem i hjerte disse under.*

Tigergutt 4-6 år

På Tigergutt er vi til saman 16 barn i år. 8 av dei er jenter og 8 er gutter. Det er 9 som er fødde i 2014, og 7 fødde i 2013. Nokre av dagane i veka er barna delte i to grupper kalla klubbarar og spirar. Det er ingen nye barn på avdelinga, berre dei som kom over frå Ole Brum.



Det er ein kjekk gjeng på Tigergutt i år. Barna er svært tillitsfulle, og det har gått fort å verte kjent med dei som kom frå Ole Brum. Det ser ut som alle finn seg godt til rette og er trygge på livet på avdelinga og oss vaksne. Livet på avdelinga går fint, det er mykje leik og barna er i full sving dagen lang. Gjennom leiken skaffar barna seg kunnskap på mange område. Ein blir kjent med seg sjølv og andre på ein heilt spesiell måte, og det er mykje god læring som skjer der. Vi registrerer at støy nivået er høgt, og vi kjem difor til å satse på å dele gruppa fleire dagar i veka. Erfaringane med dette er gode. Lydnivået vert lavare, leiken tek ofte nye vendingar og nye venskap oppstår.

Vekertyme:

Måndag: Turdag/ Delt grupper

Tysdag: : Klubb og Spirane.

Klubbarane har skuleførebuande aktivitetar og minikornett

Spirane er ute (Tur, Heffalomptoppen, uteleik, osv)

Onsdag : Førskulebading (ein gong pr.mnd)

Torsdag: Klubb og Spirane.

Klubbarane er ute (eigen plan)

Spirane er inne (Kjøkketeneste, leik, språkleik, osv)

Fredag: Står litt open, men blir nok brukt til ein del tema (Være Saman/Vennebyen)



**Så kjære gi meg hånden din
vis at du er vennen min.
For lykke er, det må jeg si,
-en vennehånd å holde i -**

Tema:

Sosial kompetanse er også i år det overordna temaet vårt, og det er felles for heile barnehagen. Sjå meir om dette i fellesdelen av årsplanen. I tillegg har vi valt å bruke Vennebyen som inspirasjon og infallsvinkel.

Metoder:

Fellessamling

I år skal vi ha fellessamlingar der vi presenterar dei tre figurane Apa, Elfie og Ted som bor i Vennebyen. Vi får høyre litt om kva dei driv med der, og kva egenskapar dei står for. Samtidig vert dei tre instansane (brann, ambulanse og politi) som desse representerar presentert for barna.

Vi kjem også til å ha fellessamlingar rundt høgtidene jul og påske.

Samling

Vi vil ha samlingar der vi formidlar vidare det vi har hørt om på fellessamlingane. Vi vil ha fokus på egenskapane til figurane, og instansane dei representerer.

Det vil variere om samlingane omhandlar Vennebyen eller «Være saman» - sosial kompetanse er det viktigaste fokuset i begge innfallsvinklane.

Regnbueløva

Dette er ei løve som hører til «Være Saman» (sjå om opplegget i årsplanen). Løva skal vere ei hjelp for den vaksne til å strukturere samtalane med barna. Regelen er at den som held løva er den som får lov å snakke medan dei andre lyttar.

Løva har vore på avdelinga vår ei stund, men no skal ho snart reise på ferie. Ho kjem ikkje tilbake før etter jul. Då skal ho få flytte inn igjen, og få seg ein fin plass på avdelinga der ho kan bo. Vi håpar at dette kan vere med på å sette meir fokus på løva og dei gode verdiane ho står før. Ho skal ligge på plassen sin og fylge med på det som skjer, og kanskje kjem ho av og til å snakkar med oss om ho har noko på hjertet. Løva i «Vere saman» har si eiga løvelov. Dette er ei viktig lov som seier noko om korleis vi skal vere mot kvarandre.

Plansjar: «Være saman» inneheld ein del plansjar. Bilda er store, og handlar om fem barn i Regnbuebarnehagen. Kvart bilde beskriv ein situasjon som dannar utgangspunkt for refleksjon, samtale og aktivitetar. Det står ein del spørsmål bak på plansjane som skal innby til filosofering og undring rundt situasjonen som er på bildet. Vi håpar å få barna med slik vi kan tenke og undre oss over kva som skjedde, følelsar dei ulike personane hadde, korleis dei ser ut, osv.

Vi vil bruke nokon av desse plansjane til å rette fokus mot det som står i løvelova. Plansjane handlar nettopp om innhaldet i denne lova. Desse tema vil vi konsentrere oss om:

- Eg skal vere meg
- Gi plass til andre
- Bry meg om en annen
- Hjelpe når eg kan
- Utstenging

Små løvebøker: Dette er små bøker som hører til opplegget «Være sammen». Dei kan brukast mellom eit barn og ein voksen, eller ein voksen og ei mindre gruppe barn. Bøkene har ikkje ei fortellande tekst, men er meir utgangspunkt for refleksjon.

Song og musikk

Song og musikk er alltid eit sterkt og godt virkemiddel når ein jobbar med tema. I «Være Saman» er det mange fengande og kjekke songar som formidlar temaet på ein god måte. Desse kjem vi til å nytte mykje.

HEFFALOMPKLUBB

Heffalomplubb er eit førskuletilbod vi har for 5 åringane her i Sirlihaugen barnehage. Her ønskjer vi å førebu barna på skulegong gjennom leik og læring . Det er ein god arena å øve seg på å verte litt meir sjølvstendig og å lære å ta hensyn til andre rundt seg. Samtidig er dette eit tilbod barna ser fram gjennom heile barnehagetida.

I år fell Heffalomplubb på dagane tirsdag og torsdag. Tirsdag brukar vi dagen på leikprega læring og er innom fagområder som *kommunikasjon, språk og tekst* samt *Antall, rom og form*. Samtidig som vi ønskjer at læringa skal vere leikprega har vi og eit fokus på å lære å ta enkle beskjedar og det å sitte å jobbe med ulike oppgaver for ei kort periode, og vi trenar på høgtlesing utan bilet. Aktivitetane tirsdag finn som regel stad inne på avdelinga. Denne dagen blir det også minikornett, med instrutør frå musikkskulen. Det blir 10 veker før jul, og 10 veker etter jul. Torsdagane startar vi med eit morgonmøte, der vi går gjennom det som skal skje og vel ut to minisjefar. Minisjefane får vere med på alt frå å pakke sekk og lage bål til å passe på at reglar bli følgde. Vi held enten til på Heffalomptoppen eller går på tur. Målet vårt er at dagen og turane skal gi borna gode og spennande felles opplevingar. Vi ønskjer at dei skal oppleve glede ved å ferdast ute og opparbeide seg sosial kompetanse gjennom samarbeid med dei andre på gruppa. Ofte lagar vi lunsj eller hemmelegheit på bålet, då oppmodar vi alle til å smake på/ete ulik mat.

Ein onsdag i månaden blir det bading for førskulegruppa. Det er då Sunnmørssbadet som står for symjeopplæringa

RUSSEFEIRING

Rosarussfeiringa er som regel høgdepunktet i løpet av året for dei fleste klubbarane. Dette blir ei markering på at dei er størst i barnehagen. Kjekke aktivitetar hører med, som for eksempel : russeturar, overnatting i barnehagen , russehue, russekort, russegensar og russestrekar. Det er berre å gle seg.

Vi håpar at store og små skal få eit kjempekjekt år ilag ☺

Dagsrytma vår på torsdag ser omrent slik ut:

- 9.30 Morgenmøte
- 9.45 Vi kler på oss å går ut
- 10.00 På toppen eller på tur
- Aktivitetar
- Samling
- Eksperiment
- 14.00 Hemmelegheit på Heffalomptoppen før vi går ned igjen.

Nokre av aktivitetane vi skal i løpet av året:

- Turar i fjøra, på fjellet og i skogen.
- Båttur med krabbefiske.
- Lære om naturen, miljøvern, årstider, været, insekt og frukt.
- Vikingtida.
- Verdsrommet
- Tur til akvariet i Ålesund.

På klubb brukar vi å fare på blåbærtur, lage indianerkrone og ha eksperiment.

En minisjef er en sånn så hjelpe dei vaksne.

TILSETTE BARNEHAGEÅRET 2018/2019

STILLING	NAMN
Dagleg leiar	Bodil Karin Kvalsund
Reinhaldar	Gabriela Laszczak Denisa Moravcikova (perm ut 2018)
Kjøkkenassistent	Ingvild Alise Leine Hareide Monica Vike (perm ut 2018)
	AVDELING NASSE NØFF
Pedagogisk leiar	Siv Anne Kvalsund Sævik
Pedagogisk leiar	Anett Myklebust Husøy
Fagarbeider	Rita Henrikke Remøyholm
Assistent	Iren Leikanger
Assistent	Pia Voldsgård (Ole Brum etter nyttår)
	AVDELING OLE BRUM
Pedagogisk leiar	Lena Kvalsund Myklebust
Assistent	Gunn Stenersen Lied
Assistent	Elin Kvalsvik Fagerlund
Assistent	Ann Kristin Jøsok
	AVDELING TIGERGUTT
Pedagogisk leiar	Mariann Leine
Pedagogisk leiar	Rebecca Vågsholm Myklebusthaug
Fagarbeider	Daniel Adel (Ali)
Assistent	May Britt Sætre Leikanger

Personalet går i vakter, -tidleg, mellom og seinvakt.
Førskulelærarane har 33,5 t / v
bunden arbeidstid og 4 timer til planlegging / studie.

Pausane er utanom arbeidstida og vert avvikla mellom kl.12.30 og 14.00

Avdelingsmøte vert halde i arbeidstida mellom kl.12.30-13.30

Avdelingsleiarmøte har vi av og til på Ettermiddagstid og av og til på morgenon fra 09.00-10.00

I løpet av dette året har personalet 5 planleggingsdagar.

[Dette barnehageåret vert det på desse datoane:](#)
06.08.18, 10.10.18, 02.01.19, mars/april 19, 31.05.19

MERK: Desse dagane er barnehagen stengt